



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

11.05.2023

Vår ref:

2023/5117

Dykkar dato:

24.3.2023

Dykkar ref:

200802132

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad - utsett byggjefrist for Bordalen, Skromme og Kvernhuselva kraftverk og søknad om planendring for Bordalen kraftverk i Etne

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknaden om utsett byggjefrist for Bordalen, Skromme og Kvernhuselva kraftverk, eller til søknaden om planendring for Bordalen kraftverk.

Vi viser til høyringa av søknad om utsett byggjefrist for Bordalen, Skromme og Kvernhuselva kraftverk, og søknad om planendring for Bordalen kraftverk.

Dei tre kraftverka fekk konsesjon i kgl.res. 9.12.2016, og det blei sendt inn søknad om forlenga byggjefrist innan fristen på fem år. Statsforvaltaren er bedt om å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Planendringa for Bordalen kraftverk går ut på å

- byggje Bordalen kraftverk i tråd med alternativ 3 i den opphævelege konsesjonsprosessen, med inntak i Bordalselva på om lag kote 387 og kraftstasjon på om lag kote 100,5
- redusere slukeevna frå 6,5 m³/s til 4,1 m³/s
- redusere installert effekt frå 20,5 MW til 9,9 MW

Vår vurdering

I konsesjonshøyringa fremja Fylkesmannen i Hordaland (no Statsforvaltaren i Vestland) motsegn mot alle dei tre alternativa for Bordalen kraftverk, for å kunne oppretthalde eit større samanhengande naturområde.

Planendringa går ut på å justere ned prosjektet frå konsesjonsgitte Bordalen 2 til Bordalen 3, som har inntak 108 høgdemeter lågare. Vi konstaterer at NVEs i konsesjonsinnstillinga vurderte Bordalen 3 som ei fullt akseptabel utbygging, trass i 15,2 GWh lågare årleg energiutbytte.

Det er positivt for vasstilknytte artar og landskapsopplevinga at utbyggingsstrekninga blir redusert, inngrepa blir flytt lenger ned i dalen, og den naturlege dynamikken på utbyggingsstrekninga blir betre enn det som ligg til grunn for konsesjonen. Vi konstaterer at den supplerande

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



naturmiljøkartlegginga i 2022 likevel konkluderte med at konfliktnivået er det same for dei to alternativa.

Det er opplyst i søknaden at inntaksanlegget ikkje vil bli synleg frå turstien. Det nye inntaket vil få ein vesentleg større inntaksdam enn den konsesjonsgitte løysinga. Vi legg til grunn at dette er basert på nødvendige tekniske tilpassingar, og at dammen ikkje blir eit større inngrep enn nødvendig.

Vi har ikkje avgjerande merknader til den nye naturmiljøkartlegginga eller til kunnskapsgrunnlaget for søknadene om utsett byggjefrist for dei tre kraftverka.

Med helsing

Olav Overvoll
Seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Etne kommune
Vestland fylkeskommune

Sjoarvegen 2
Postboks 7900

5590
5020

ETNE
BERGEN